



SAMNANGER KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 05.12.13                      **Kl.:** 14.00 – 17.30                      **Stad:** Kommunehuset – møtelokale på NAV-kontoret

**Saknr.:** 30/13 – 37/13

### MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

### DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Svein Verner Røseth /Frp)

Lena Tveit (Bygdelista)

**FORFALL** – ingen forfall

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte v/Unni Renate Moe var med i møtet til og med sak 33/13. Stine Karoline Olsen var med under heile møtet.

Frå administrasjonen møtte stabssjef Jan Erik Boge i orienteringssak nr. 1 og økonomisjef Nina Erdal møtte i meldingssak nr. 3.

Ordførar Marit Aksnes Aase var med i møtet under handsaming av sak 35/13.

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
30/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
31/13	Godkjenning av protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.09.13
32/13	Meldingar / utvalet sitt kvarter
33/13	Orienteringssaker
34/13	Evaluering av gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 - 2016
35/13	Rapport etter selskapskontroll Business Region Bergen
36/13	Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar
37/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

### 30/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

#### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

### 31/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.09.13

#### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 17.09.13.

#### VEDTAK

Protokollen frå møte 17.09.13 vart samrøystes godkjend.

### 32/13 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Desse meldingane vart lagt fram og handsama i møtet:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter – kontrollutvalet hadde ingen saker å ta opp under denne meldingssaka.
2	Kommunestyret	Aktuelle vedtak å melda frå kommunestyret vart gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet merka seg at to saker frå siste kontrollutvalsmøte ikkje var lagt fram. Desse sakene vil bli teke med på kommunestyremøte i desember.
3	Økonomisjef	Økonomisjef Nina Erdal orienterte om tertialrapport / rapport finansforvaltning. Kontrollutvalet kommenterte og merka seg situasjonen med disposisjon av verdipapir i forhold til finansreglement. Kontrollutvalet stilte spørsmål og kom med kommentarar. Informasjonen vart teke til orientering.
4	Sekretariatet	Melding om aktuelle konferansar for kontrollutvalet i 2014. Alle utvalsmedlemmane er meldt på til konferansen på Solstrand i mars. Utvalet meiner det ikkje er rom for å delta på fleire konferansar i 2014. Meldinga vart teke til orientering.
5	Sekretariatet	Tilgang og bruk av internett under kontrollutvalsmøter vart drøfta. God tilgang til internett i kontrollutvalsmøta vil vera viktig frå og med 2014, då sekretariatet vil ta i bruk elektronisk sakshandsamarsystem. Dette fordrar tilgang til internett under avvikling av møta. Det ser ut som dette er ivareteke på kommunehuset i Samnanger no. Bruk av nettbrett i møta ser og ut til å fungera tilfredstillande.
6	Sekretariatet	Forslag til dato for første kontrollutvalsmøte 2014 er torsdag 13. februar 2014. Vedteke å halda på denne dato. Sekretariatet får i oppgåve å ta kontakt med administrasjonen / ordførar for å sette opp møteplan for kontrollutvalet sine møter i første halvår 2014, slik at dette kan koma med på kommunen sin møteplan.
		Ymse – ingen fleire meldingar.

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

#### VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### 33/13 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssaken vart lagt fram og handsama i møtet:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Stabssjef Jan Erik Boge orienterte om erfaringar med å ta i bruk nytt økonomi-/rekneskaps- og lønn-/ personalsystem. Det vart delt ut notat med oppsummering av erfaringane. Det har vore mykje ekstraarbeid, og det har gått med store ekstra ressursar ved innføringa av systemet. Kontrollutvalet merka seg dei opplysningane som kom fram, og takka for informasjonen.
2	Deloitte	Unni Rentate Moe frå Deloitte presenterte arbeid med interimisrevisjon for Samnanger kommune 2013. Oppsummering av interimisrevisjonen vart lagt fram i notat frå Deloitte. Det er ikkje funne vesentlege manglar og kontrollutvalet merkar seg revisor sine anbefalingar om skriftlege rutinar på nokre områder. Informasjonen vart teke til orientering.
3	Sekretariatet	Reglement for kommunestyret, formannskapet, utval for oppvekst og omsorg, naturutvalet og kontrollutvalet er vedteke i kommunestyret 25.09.13. Reglementet vart kort kommentert.  Etiske retningslinjer for Samnanger kommune ligg i «Personalvedtekter». Kontrollutvalet merka seg at det er sett krav til rapportering om arbeid med etikk i årsmelding for kommunen for 2013.
		Ymse – ingen fleire orienteringssaker.

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

### 34/13 EVALUERING AV GJELDANDE PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 - 2016.

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

- Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
- Prosjektplan som vart lagt fram i møte vart
  - Godkjent
  - Godkjent etter at endringar som kom fram i møte er innarbeidd. Utvalsleiar og sekretariat godkjenner endeleg prosjektplan.
- Når prosjektplanen er godkjent vart Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.
- Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vart eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vart oversendt kommunestyret til orientering
- Kontrollutvalet vart også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.

#### HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet orienterte om bakgrunn for saka. Stine Karoline Olsen frå Deloitte delte ut framlegg til prosjektplan for arbeidet. Prosjektplanen vart gjennomgått og kommentert.

Kontrollutvalet kom med kommentarar på at det må takast omsyn til den spesielle situasjonen kommunen er i når det gjeld slutføring av granskingssaka, då den vil ha betydning for kontrollutvalet sitt vidare arbeid. Det må gjerast vurdering på om det er aktuelt å ta opp vidareføring av dette arbeidet i første møte i 2014, eller om det er neste møte i 2014 som er aktuelt å gjennomføra prosess med evaluering av planane. Revisjonene merka seg at ein må vurdere dette undervegs og ta omsyn til kor tid rapport etter granskingssaka vert lagt fram. Vedtak i saka var samrøystes.

#### VEDTAK:

- Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
- Prosjektplan som vert lagt fram i møte vert godkjent
- Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.
- Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.
- Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.

### **35/13 RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN**

#### FORSLAG TIL INNSTILLING:

1. Kommunestyret i Samnanger kommune merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
  - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
  - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
  - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
  - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
  - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
  - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
    - i. Styrevervregistrering
    - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
    - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
  - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
  - h. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
  - i. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

#### HANDSAMING I MØTE

Stine Karoline Olsen frå Deloitte presenterte rapporten og informerte om arbeidet med selskapskontrollen og tilrådingane som revisor legg fram. Ordførar var med under handsaminga av

saka. Ho orienterte litt om korleis Samnanger kommune har samarbeidd med BRB og nytta seg av prosjekt som er initiert gjennom selskapet. Det vart og opplyst om det kan vera vanskar med å få denne saka med på førstkomande kommunestyremøte. Kontrollutvalet oppmoda om at rapporten etter selskapskontrollen av BRB kan koma med nå, og at ein heller kjem tilbake til ei orientering til kommunestyret om verksemda til BRB i eit seinare kommunestyremøte.

Ein av tilrådingane frå revisor er ikkje kome med i tilråding til vedtak, og dette skal rettast opp. Med denne endringa vart framlegg til innstilling samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING:

1. Kommunestyret i Samnanger kommune merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
  - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
  - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
  - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
  - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
  - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
  - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
    - i. Styrevervregistrering
    - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
    - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
  - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
  - h. Etablere system og rutinar for prosjektstyring, og fastsetje budsjettrammer for prosjekt av vesentleg storleik.
  - i. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
  - j. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### 36/13 KONTROLLUTVALET SIN MØTERETT I GENERALFORSAMLINGAR

#### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til saka, og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke. Samrøystes.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

#### **37/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

##### HANDSAMING I MØTET

Aktuelle protokollar vart gjennomgått og kommentert. Det vart kommentert at eit av vedtaka som vart gjort i siste kommunestyremøte truleg vert sendt til Fylkesmannen til lovlighetskontroll. Kontrollutvalet vil følgja med i denne lovlighetskontrollen.

Det var ingen andre saker kontrollutvalet ville innhenta fleire opplysningar om på novernade tidspunkt. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

#### YMSE

Ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær